

PLANTEFARGING

Før dei syntetiske fargemidla kom på midten av 1800-talet, brukte folk plantar til å farga tekstilane sine med. Allereie for 4000 år sidan veit vi at både kinesarar og egyptarar hadde blå og raude tekstilfargar. For å få plantefargestoffet til å festa seg varig til ullfibrane må ein tilsetja eit beisemiddel. Beis, fargestoff og garn må liggja i varmebad på 90°C i ein time for å få eit godt resultat.

Sanking og oppbevaring av plantar.

- Plantar har størst fargekonsentrasjon før storblomstringa tar til. Mose og lav kan haustas gjennom heile sommarsesongen.
- Tørking av alt plantemateriale bør foregå på ein tørr og luftig stad, gjerne på avisapir som ein skiftar av og til.
- Oppbevaring av plantar eignar seg bra i papirposar og papp-øskjer. Plastposar vert for tette.
- Finast farge gir dei fleste plantar når dei er tørka. Då held fargen på garnet seg lenge.

Vasking

- Maskinspunne, ubleika garn er det enklast å nytta for å få eit jamnt resultat. Det meste av feittet er fjerna frå denne ulla.
- Lag til hesplar av garnet (figur), bind garnet laust på 2-3 stader og legg det i vatn med litt Milo oppi. Skyl såpa godt ut av.

Beising

- Beising kan skje før eller samtidig med farging. Har ein dårleg tid, er det greiast å beisa og farga i ein operasjon. Dersom ein beisar garnet først, kan det vera greitt å laga til fargebadet samtidig.
- Bland i alun i varmt vatn, bruk 16g alun (apotek), til 100g garn. Ein kan også eksperimentera med meir/mindre alun for å få ulike nyansar på fargen. Andre beisemiddel er vinstein, tinnsalt, jernsulfat.
- Legg vått garn i badet ved ca. 30°C, varm opp til 90-95°C, la det stå 1 time.
- De kan også leggja garnet direkte i badet med plantar og alunbeis dersom tida er knapp - alt i ein operasjon!

Farging

- Tørka plantar vert lagde i kjelen. Fyll på med vatn, 5 l vatn til 100 g plantar.
- Varm opp til 90°C (nokre plantar 60°C), rør av og til i ca. 1 time. Ikkje la det koka, bruk termometer.
- Sil av plantedelane og kjøøl ned fargebadet til 40-45°C.
- Ferdig vaska og beisa garn legg ein i fargebadet, varm opp til 60 - 90°C (avhengig av planten).
- La stå i 1 time, rør av og til.
- Kjøøl alltid garnet sakte, det må ikkje få temperatursjokk. Det beste er å la garnet liggja i fargebadet til dagen etter, då set fargen seg best.
- Skyl godt ut av fargen før garnet vert hengt til tørk.

Føremål:

- Læra å farga garn med plantar.

Utstyr:

Ubleika garn, Milo (vaskemiddel), hyssing, plantar, kjelar (ca 7 l, helst i rustfritt stål), beisemiddel, nøyaktig vekt, litermål, rørekjeppar, sil, termometer (1-100°C), flora og spesiell litteratur om plantefarging.

Oppskrift:

- 100 g tørka plantedelar
- 100 g garn
- 5 l vatn
- 16 g alun (beis)



Ei hesple.



Garn til tørk.



Røsslyng gir en varm gulfarge. Kvistar med blad kan sankast heile året for farging.

Tips:

- Teikn opp ein fargesirkel og finn så ut kva slags fargeemne de treng til dei ulike fargane. Ta gjerne bilete og lag ei utstilling.
- Lag garnprøver med merkelappar for kva for plante dei er farga med.
- Det farga garnet kan brukast til strikking, veving eller til dekor på tova ull.
- For å få ulike fargenyansar kan du gjerne eksperimentera med ulike mengder beise-middel, ulike tilsetjingsstoff under beising/ farging og blanding av farging i to fargingar. Bruk gjerne spesiallitteratur om plantefar-ging og farging med sopp. Sopp gir også mange flotte fargar.

Visste du at?

- Purpur vart tidlegare utvunne av spesielle snigleartar og var så dyrt at berre kongar og fyrstar hadde råd til slike klede.
- Potteblått kjem av at dei i gamle dagar brukte urin for å få blå farge.
- Kong Karl den store påla bønder å dyrka vaidbusken for å få nok blåfarge.
- Kråkefotplantar har vore nytta til forbe-handling av garn. Jernhaldig vatn og bruk av jern- og kobbarar under farging har også ein beiseeffekt som vart nytta.

Fleire aktivitetar i Lygrapermen:

Ull og ullprodukt, Plantelivet i lyngheia.

Meir å lesa:

- Haukeland, E. 1989. Plantefarging. Land-bruksforlaget.
- Plantefarging:
(<http://it-student.hivolda.no/prosjekt/h99/plantefarging/>)

Farge	Plante
Lysegult	<i>Hundekjeks, gulaks, engsyre, frytler, svingel, reinlav.</i>
Gult	<i>Røsslyng, bjørk, revebjølle (giftig), reinfann, blåbærlyng.</i>
Brunt	<i>Laukblad, steinlav, kråkestry (granlav) og svartskjegg (lav) gir brungule fargar. Brune fargar; bruk same plantar som til gule fargar, men forbeis med kaliumdikromat eller alun og tilset fargebadet kopparsulfat mot slutten av fargetida.</i>
Raudt	<i>Krapp (trekkje v/60-70 grader), kochenillelus (apoteket), røter av kvitmaure (krev store mengder røter).</i>
Lilla og rosa	<i>Kystnavlelav (ammoniakkbad før farging, sjå litteratur). Kochenillelus (apoteket, sterkt raud-rosa).</i>
Blått	<i>Indigo (syntetisk framstilt, apoteket), vaid (busk dyrka tidlegare). Farging må skje med natriumdithionitt (bind oksygen). (Sjå spesiallitteratur).</i>
Grønt	<i>Farga gult først, deretter blått. Grågule fargar; grått garn med røsslyng eller marikåpe.</i>



Ferdig farga garn.